

**Administrativt samhandlingsutval  
Nordmøre og Romsdal**

**Protokoll nr. 01/13**

**Møtedato 14.02.13**

**Medlemmer:**

Tilstades: x

Helseføretaket:

	Åse Eidem	X	Grete Teigland
	Ketil Gaupset, <i>nestleiar</i>		Elisabeth Engvik
	Gry Nordal		Henrik Sollie
	Elisabeth Egstad	X	Ingalill Råket
X	Stein Pettersen		Birgit Jordet
X	Robert Giske		Eva Løkvik
			Astrid Johanne Brandshaug

Kommunane:

X	Orkidé	Olaug Haugen, <i>leiar</i> Tingvoll kommune	Kirsten S. Skaget, Smøla kommune
	Orkidé	Peter Ardon, Halsa kommune	Gunhild Eidsli, Surnadal kommune
X	ROR	Hege Beate Stornes, Molde kommune	Gro Berild, Rauma kommune
X	ROR	Arild Kjersem, Fræna kommune	Jan Morten Dahle, Fræna kommune

Vertskommunane:

X	Kristiansund	Helge A. Carlsen	Kjetil Leirbekk
X	Molde	Henning Fosse	Tone Borge Løkhaug

Fastlegane:

X	Bjarne Storset, Tingvoll legesenter		
---	-------------------------------------	--	--

Fagforeiningane:

	Fagforbundet	Knut Ivar Egset, Molde sjukehus	X	Jan-Øivind Kringstad, Kristiansund sjukehus
X	UNIO/NSF/HF	Tor Rune Aarø, Molde sjukehus		Trine Bruseth Sevaldsen, Kristiansund sjukehus
X	Fagforbundet K	Sissel Bjørnhjell, Sunndal kommune		Astrid Egset, Vestnes kommune
X	UNIO/NSF K	Eli Åse Gravdehaug, Molde kommune		Britt Engvik-Hjelle, Kristiansund kommune

Praksiskonsulent:

--	--	--	--

Brukarrepresentant:

X	Kari Samdal, Nordmøre og Romsdal		Edgar Bæverfjord, Nordmøre og Romsdal
---	----------------------------------	--	--

*Sekretariat:*

Helse Møre og Romsdal HF v/konsulent Gunn Elin Nygård  
Trainee i Helse Møre og Romsdal HF Martin Johansen  
KS Møre og Romsdal v/prosjektleiar Ann Sissel Misund Nedberg

Møtet i Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal vart halde på Kristiansund sjukehus, Auditoriet, og starta kl. 10.00.

Olaug Haugen leia møtet og ønska alle velkomne til møtet.

Åse Eidem, Ketil Gaupset og Knut Ivar Egset har meldt forfall. Grete Teigland, Ingallill Råket og Jan-Øivind Kringstad møtte som varamedlemmer. Peter Ardon meldte forfall på møtedagen på grunn av sjukdom. Gry Nordal og Elisabeth Egstad møtte ikkje.

Prosjektleiar for samhandlingsreformen, Ann Sissel Misund Nedberg frå KS Møre og Romsdal, tiltrer sekretariatet for Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal, og vil møte fast i møta heretter.

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal har fått eige område på [ekstranett](#) der saksframlegg til møta blir lagt ut heretter.

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal behandla følgjande saker i møtet:

#### **Sak 2013/01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte 14.02.13 vart godkjent.

#### **GODKJENNING AV PROTOKOLL NR. 02/12 FRÅ MØTE 30.11.12**

På bakgrunn av merknader til protokollen i sak 2012/09 - Revidering av samarbeidsavtalar og samhandlingsstruktur – pkt. 1, siste to avsnitt frå Tor Rune Aarø og Robert Giske, fremma Olaug Haugen forslag om at desse to avsnitta blir erstatta med følgjande forslag:

”Prosjektet om Etterbehandlingsavdelinga, Barmannhaugen mellom helseføretaket og Kristiansund kommune er avslutta. Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal er usikker på om prosedyrekrava er fulgt jfr. Samarbeidsavtalen pkt. 5 i ein juridisk bindande avtale som er inngått mellom alle kommunane i fylket og Helse Møre og Romsdal HF.

Dette har ei viktig prinsipiell side knytta til samhandlingsavtalens forpliktelse.

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal sender saken over til Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal for å få ei vurdering om partane har overhaldt sin informasjons- opplysnings- og utgreiingsplikt i henhold til samarbeidsavtalen mellom kommune og helseføretak.”

Votering:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal vedtek samråystes forslaget til korrigering av protokollen frå Olaug Haugen.

Vedtak:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal godkjente korrigert protokoll nr. 02/12 frå møte 30.11.12. Protokollen er korrigert i samsvar med endringar i sak 2012/09 - Revidering av samarbeidsavtalar og samhandlingsstruktur – pkt. 1, der dei to siste avsnitta blir erstatta med følgjande:

”Prosjektet om Etterbehandlingsavdelinga, Barmannhaugen mellom helseføretaket og Kristiansund kommune er avslutta. Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal er usikker på om prosedyrekrava er fulgt jfr. Samarbeidsavtalen pkt. 5 i ein juridisk bindande avtale som er inngått mellom alle kommunane i fylket og Helse Møre og Romsdal HF.

Dette har ei viktig prinsipiell side knytta til samhandlingsavtalens forpliktelse.

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal sender saken over til Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal for å få ei vurdering om partane har overholdt sin informasjons- opplysnings- og utgreiingsplikt i henhold til samarbeidsavtalen mellom kommune og helseføretak.”

**Sak 2013/02      ORIENTERING OM ERFARINGAR MED SAMHANDLINGSREFORMA I NORDMØRE OG ROMSDAL ETTER EITT ÅR**

Ann Sissel Misund Nedberg frå KS Møre og Romsdal orienterte om erfaringane med samhandlingsreforma i Nordmøre og Romsdal etter eitt år. Den skriftlege delen av orienteringa blir lagt ut på ekstranett.

Vedtak:

1. Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal tek orienteringa om erfaringar med samhandlingsreforma i Nordmøre og Romsdal etter eitt år til etterretning.
2. Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal var også opptatt av:
  - Avtalar om ambulansetenesta
  - Informasjonsutveksling i dei ulike regionråda

**Sak 2013/03      SAMHANDLINGSSTRUKTUR**

Innstilling:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal diskuterer samhandlingsstruktur i sine møter, og gir innspel til forhandlingsgruppa innan 1. oktober 2013.

Vedtak:

1. Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal diskuterer samhandlingsstruktur i sine møter, og gir innspel til forhandlingsgruppa innan 1. oktober 2013.

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal har foreløpig følgjande innspel:

- Tillitsvalte sin representasjon og rolle
- Sekretariatstenester
- Rekkefølgje i saksbehandling - samarbeidsorgan vs formelle styringsorgan i helseforetak og kommunar
- Eitt eller to administrative samhandlingsutval?
- Er samhandlinga overadministrert?
- Viktig med arena for heilskaplege drøftingar

2. Saka blir sett opp som eiga sak i møte 22. mai 2013.

Sak 2013/04

**ETABLERING AV PRAKSISKONSULENT – FRAMDRIFT I ARBEIDET ? V/KOMMUNALSJEF HELGE A. CARLSEN**

Vedtak:

1. Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal tek til orientering at stillingane som praksiskonsulent er under utlysing.
2. Administrativt samhandlingsutval ber om fortgang i tilsettinga slik at tenesta blir operativ.

Sak 2013/05

**ARBEID MED REHABILITERINGSTILBODET I NORDMØRE OG ROMSDAL – PROSESS OG NY ARBEIDSDELING MELLOM KOMMUNAR OG HELSEFØRETAK V/KOMMUNALSJEF HELGE A. CARLSEN**

Innstilling:

1. Administrativt samhandlingsutvalg viser til igangsatt arbeid om ny arbeidsdeling mellom kommuner og helseforetak om endring av rehabiliteringstilbudet.
2. Samhandlingsutvalget vil peke på at forholdet mellom spesialisert rehabilitering og kommunal rehabilitering ikke er tydelig faglig avklart, og at det må igangsettes **en felles prosess** mellom partene for at dette skal skje. Helseforetaket har ansvaret for at kommunene involveres i dette.
3. Samhandlingsutvalget vil vise til at felles forståelse og felles strategi på dette område er avgjørende for at rehabiliteringsfeltet ikke skal ende opp i uklarheter mellom nivåene.

4. Hvis det skal gjøres endringer som endrer dagens status med forutsetning om at en større del av den rehabilitering som skjer på helseforetaksnivå skal over til et kommunalt nivå, så bør ikke dette skje før kommunene har fått bygd opp faglig kompetanse og tilbud for å kunne ivareta dette.

Protokoll:

Det vart fremma forslag om slike tillegg i pkt. 2 og 4 (tillegga i kursiv):

2. Samhandlingsutvalget vil, *med referanse til samarbeidsavtalen, pkt. 5 og vedlegg 1*, peke på at forholdet mellom spesialisert rehabilitering og kommunal rehabilitering ikke er tydelig faglig avklart, og at det må igangsettes en felles *faglig* prosess mellom partene for at dette skal skje. Helseforetaket har ansvaret for at kommunene involveres i dette.
4. Hvis det skal gjøres endringer som endrer dagens status med forutsetning om at en større del av den rehabilitering som skjer på helseforetaksnivå skal over til et kommunalt nivå, så bør ikke dette skje før kommunene *har fått rimelig tid til* å bygge opp faglig kompetanse og tilbud for å kunne ivareta dette.

Vidare fremma Olaug Haugen forslag om slikt nytt pkt. 5:

”Saker med faglige og organisatoriske endringer bør meldes til Administrativt samhandlingsutval for behandling tidlig i endringsprosessen.”

Votering:

Pkt. 1 i innstillinga vart enstemmig vedtatt.  
 Pkt. 2, inkl. tillegga vart enstemmig vedtatt.  
 Pkt. 3 i innstillinga vart enstemmig vedtatt.  
 Pkt. 4, inkl. tillegga fikk 7 stemmer, og 5 stemte mot. Helseforetakets representanter stemte mot.  
 Forslag til nytt pkt. 5 vart enstemmig vedtatt.

Vedtak:

1. Administrativt samhandlingsutvalg viser til igangsatt arbeid om ny arbeidsdeling mellom kommuner og helseforetak om endring av rehabiliteringstilbuddet.
2. Samhandlingsutvalget vil, med referanse til samarbeidsavtalen, pkt. 5 og vedlegg 1, peke på at forholdet mellom spesialisert rehabilitering og kommunal rehabilitering ikke er tydelig faglig avklart, og at det må igangsettes en felles faglig prosess mellom partene for at dette skal skje. Helseforetaket har ansvaret for at kommunene involveres i dette.
3. Samhandlingsutvalget vil vise til at felles forståelse og felles strategi på dette område er avgjørende for at rehabiliteringsfeltet ikke skal ende opp i uklarheter mellom nivåene.
4. Hvis det skal gjøres endringer som endrer dagens status med forutsetning om at en større del av den rehabilitering som skjer på helseforetaksnivå skal over

til et kommunalt nivå, så bør ikke dette skje før kommunene har fått rimelig tid til å bygge opp faglig kompetanse og tilbud for å kunne ivareta dette.

5. Saker med faglige og organisatoriske endringer bør meldes til Administrativt samhandlingsutval for behandling tidlig i endringsprosessen.

Protokolltilførsel fra helseforetakets representanter:

Helseforetakets representanter opplever at hele pkt. 4 er dekket av vedtakspunkt 2.

**Sak 2012/06 EVENTUELTT**

Robert Giske orienterte om arbeidet med meldingsløftet og IKT-satsinga i helseføretaket og kommunane i Møre og Romsdal. Kontaktperson er Atle Betten, Kristiansund kommune.

**Sak 2012/07 GODKJENNING AV PROTOKOLL NR. 01/13 FRÅ MØTE 14.02.13**

Innstilling:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal godkjenner protokoll nr. 01/13 frå møte 14.02.13.

Vedtak:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal godkjenner protokoll nr. 01/13 frå møte 14.02.13.

Møtet slutt kl. 13.20.

Grete Teigland

Ingallill Råket

Stein Pettersen

Robert Giske

Olaug Haugen

Hege Beate Stornes

Arild Kjersem

Helge A. Carlsen

Henning Fosse

Bjarne Storset

Jan-Øivind Kringstad

Tor Rune Aarø

Sissel Bjørnhjell

Eli Åse Gravdehaug

Kari Samdal